



KONF
IRM
AN
20 ✝ 27

Kjære konfirmant og føresette, konfirmantåret 2026 -27

Velkommen som konfirmant i Os kyrkjelyd!

Konfirmantåret er eit heilt spesielt år i ein families liv, og vi gler oss til å dele det med dykk. Vi gler oss til kjekke aktivitetar og opplevingar saman med konfirmanten!

Først av alt; vi legg til grunn at konfirmanten har sjølv fått velje å konfirmere seg i kyrkja. Det betyr og at vi kan forvente at konfirmanten **vil** delta på opplegget vårt i form av engasjement, spørsmål og omsyn til andre. Vi planlegg fine opplegg og ønskjer at dei skal få gode samlingar saman med andre konfirmantar som vil vera der. Saman med dykk som foreldre, følgjer vi opp og tar kontakt dersom vi opplever at dette ikkje vises i praksis. Dette er eit viktig felles utgangspunkt for konfirmantåret, og vi snakkar alltid med konfirmantane om dette i starten. Fint om de og kan prate om dette heime.

Konfirmantteamet

Konfirmantteamet består av Gro Helen B. Skjælaaen (kateket), Roar H. Evjedal (sokneprest) Jostein Enger (kapellan), Sylvi Lundgren (barne- og familiekoordinator), Erlend Fauskanger (kapellan) og Harald Skoglund Dahler (ungdomsleiar).

Konfirmantane vil og møte Idun Fjeld (ansvarleg for åpne møteplassar for ungdom) samt andre ungdommar som blir med som leiarar på ulike arrangement.

Foreldremøte onsdag 26.august

Vi startar opp året med foreldremøte for alle foreldre, men konfirmantane er og hjarteleg velkomne. Her vil de få informasjon om innhald og organisering av konfirmantåret. Vi ønskjer at de prioriterer møtet, fordi det er eit fint fysisk møtepunkt for oss til å kryssjekke at vi har den rette informasjonen registrert ifht kontaktinfo, konfirmasjonsdato og kl.slett og andre oversikter.

Oppmøte i Storsalen/Tunet, og fordelt mellom gruppene slik:

Kl 18 – 19: Salat&Salme1, Brød&Bøn1, Dressing&Disippel1, Ketsjup&Kristus1

Kl 19.30 – 20.30: Salat&Salme2, Brød&Bøn2, Dressing&Disippel2,

Ketsjup&Kristus2 + APP- og JoinUs- konfirmantane

APP- konfirmantene blir igjen etter møtet til ei kort innføring i deira opplegg, kl 20.30 – 21.00, saman med gruppeleiar Jostein.

Hoveddelene i konfirmantåret

1. AVSPARK m /presentasjngudsteneste (29.-30.august)
2. 7 samlinger i løpet av året
3. 8 gudstenester
4. Lysmesse 9.desember kl 19-21
5. Fasteaksjon 14.mars
6. Leir
7. Avslutning 21.april
8. Førebuing og konfirmasjonsgudsteneste (veke 17 og 18)

AVSPARKshelg for konfirmantane

Lørdag 29.august samlar vi alle konfirmantane til eit oppstartsarrangement i Os kyrkje og Tunet. Her skal vi bli litt kjent i gruppene, og med kyrkja og Tunet, og kanskje få litt grunnleggande forståing for kva dette året skal handle om.

Konfirmantane møter i Os kyrkje til desse tidspunkta:

Runde 1: Kl 10 – 12.15

(Salat&Salme1, Brød&Bøn1, Dressing&Disippel1, Ketsjup&Kristus1)

Runde 2: Kl 13 – 15.15

(Salat&Salme2, Brød&Bøn2, Dressing&Disippel2, Ketsjup&Kristus2 + APP- og JoinUs- konfirmantane)

Søndag 30.august er det AVSPARKs'gudsteneste for alle saman i Os kyrkje, og foreldre er hjarteleg velkomne. Dette blir ei gudsteneste der ein forklarar det som skjer i gudstensta.

Presentasjon av konfirmantane

For dei som har vore med på dette før; i år blir dei presentasjon av alle konfirmantane i AVSPARKs'gudstenesta, og ikkje fordelt på mange gudstenester utover hausten. Etter gudstenesta får alle bibelen sin, før vi går bort i Tunet og nyt ein god kyrkjekaffe.

Tidsskjema for samlingane med Burgergruppene

15.00 – 15.40: Oppmøte, måltid/BURGER 😊

15.40 - 16.00: Intro tema – Os kyrkje

16.10 - 17.00: Samling i gruppe – tema – aktivitet (Tunet, eller gymsal)

17.10 - 17.45: oppsummering + bønnevandring (Os kyrkje)

Onsdag 2.september: Oppstart burgergrupper 1

Onsdag 9.september: Oppstart burgergrupper 2

JoinUs - konfirmantane

JoinUs-konfirmantane vil få eigen plan på oppmøte og innhald av ungdomsleiar Harald. Desse konfirmantane har i utgangspunktet oppmøte i Tunet kvar onsdag kl 18 – 21. Dei må og melde seg inn i Spond. All informasjon om deira opplegg kjem der.

Onsdag 2.september: oppstart Joinus - konfirmanter

APP – konfirmantane

APP – konfirmantane, vil få ein eigen innføring av som får eigen plan for sine opplegg.

Gudstenester

Konfirmanten skal gå på 8 gudstenester i løpet av året. Av disse 8 er 4 av dei allereie planlagt av oss, og ligg i kalenderen for konfirmanten. Desse 4 er: **AVSPARK-gudstenesta, lysmesse i desember, fasteaksjonsgudsteneste 14.mars og konfirmasjonsgudstenesta.**

Dei resterande 4 gudstenestene vel dei sjølve dato for deltaking på.

MEN – nytt i år er at konfirmantane må registrere seg inn på alle gudstenestene, i den nye appen. De vil få meir informasjon om dette etterkvart.

Lysmesse

Dette er ei av gudsteneste dei skal på. Denne er desember og i mørketida, der vi har eit ekstra fokus på lyset. Vi samarbeider med ungdomsarbeidet og håpar at det blir ei fin avslutning på hausthalvåret. Meir info om denne kjem når det nærmar seg.

Fasteaksjon

Kirkens Nødhjelp sin innsamlingsaksjon i mars er vårens store prosjekt for konfirmantane. **Søndag 14.mars er aksjonsdagen**, og blir ein viktig dag med konfirmantaktiviteter og innsamlingsaksjon. Men vi sparkar det heile i gang med ei samling **tysdag 23.februar**, for både konfirmantar og foreldre. Sett av datoane! De vil få meir informasjon om desse dagane seinare.

Leir

Leir er veldig kjekt, både for konfirmantane og oss. Dette ser vi fram til, og ønskjer at **alle** konfirmantane skal få oppleve dette, og legg til rette så godt vi kan for at det skal skje. I førekant av leiren blir **konfirmantane** kalla inn til eit infomøte, der vi informerer om leiren, innhald, rammer og regler. Foreldre får den same informasjonen på epost.

6.- 8.november; Raknestunet

Alle burgergrupper 1

22. – 24.januar; Raknestunet

Alle burgergrupper 2 + JoinUs –, APP-konfirmanter og Rom for deg.

Foreldrehjelp – vaksenstøtte ved aktiviteter og samlinger

Vi er svært takknemlege for alle føresette som har meldt seg til å hjelpe til på onsdagar. Oversikt over kven som er sett opp på kva onsdag kjem på epost i løpet av august, og vil henge oppe på foreldremøte dersom ein vil gjere endringar med nokon. Elles tar vi kontakt når det er behov for bakst eller andre foreldrebidrag undervegs. Ved AVSPARKs' gudstenesta er det kjekt å ha litt kaffemat til kyrkjekaffen. De vil få spørsmål om nokon kan bidra til det.

Pris og betaling

Konfirmantavgifta er 2200,- for heile året (*bibel, undervisningsmateriell, mat, leige av kapper, utgifter ved arrangement, leir + anna utstyr*). Det blir sendt ut epost med lenke til betaling av konfirmantåret.

Familiens økonomi skal ikkje vera eit hinder for konfirmanttida. Ta kontakt om de har behov for tilpassing, og vi finn vi ei løysing saman.

Kommunikasjonsflyt

Vi bruker epost til dykk foreldre, og sms til konfirmanten. Eg ser mange av konfirmantane ikkje har sitt eige mob.nr registrert. Det gjekk sikkert litt fort ved påmeldinga. Fint om det kan sjekke det på oversikta på foreldremøtet. I tillegg vil alle infoskriv som blir sendt ut, lagt på nettsida vår; [Konfirmasjon - Os sokn](#)

Forventningsavtalen

Dette er samarbeidsavtalen mellom oss, de som foreldre og konfirmanten. Dette vil vi at alle skal lese seg gjennom, sammen med konfirmanten.

Og i førekant av leir, skal denne underteiknast av konfirmant og føresette og leverast før avreise. De får den utdelt på foreldremøte, og vi kjem tilbake til denne før vi reiser på leir.

Vi gler oss til å bli kjende med alle konfirmantane og vonleg både få og gje dei eit minnerikt år!

Forventningsavtale for konfirmasjonsopplæringa 2026-27

mellom Os kyrkjelyd og

Os kyrkjelyd, ved prestar, kateket og andre konfirmantleiarar skal gjere sitt beste for å gje deg eit så godt opplegg som mogeleg og leggja til rette for at konfirmasjonstida skal bli ei god oppleving.

Konfirmasjonstida inneheld blant anna:

- AVSPARK (oppstart) lørdag 29.aug og søndag 30.aug (gudst)
- Konfirmantsamlinger, frå september til april. Ulike løsnings for dei ulike gruppene.
- 8 obligatoriske gudstenester.
- Leir
- Lysmesse 9.des.
- Fasteaksjon 14.mars

Prest, kateket, konfirmantleiar – tar ansvar for

- At du vert møtt med respekt
- At undervisning og aktivitetar er godt førebudde samvær
- Å følgje opp frávær og adferd gjennom dialog med foreldre/føresette dersom konfirmanten gjentekne gonger ikkje følgjer opplegget og reglane.

Foreldre/føresette - tar ansvar for

- Å hjelpe til at konfirmanten oppfyller sitt ansvar
- Delta på oppsette foreldresamlingar (foreldremøter haust og vår, Fasteaksjon og liknande)
- Melde frå til gr.leiar ved frávær for konfirmanten.

Konfirmanten tar ansvar for

- Å vise respekt for dei andre konfirmantane, konfirmantleiarane og andre eg møter
- Å ha med Bibel og skrivesaker til samværa
- Å følgje opplegget og møte presis til samlingane
- Å legge mobilen og øyrepluggar vekk på alle samlingar og gudstenester

Turer/utflukter og leirer:

Bruk eller besittelse av alkohol eller andre rusmidler, samt mobbing, trusler eller vold mot andre konfirmantar eller leiarar medfører umiddelbar heimsending på eiga rekning. Foreldre/føresette vert kontakta.

Underskrift konfirmant

Underskrift forelder

Hjarteleg helsing

Gro Helen B. Skjælaaen

Kateket

Tlf: 41278575

Epost: os.konfirmant@kyrkja.no

Velsignelsen

Herren velsigne deg og bevare deg.
Herren la sitt ansikt lyse over deg
og være deg nådig
Herren løfte sitt åsyn på deg
og gi deg fred

Han skal gi deg kraft til å leve
gi håp og framtidstro
Han har sagt
«Kom til meg, du som strever
og jeg vil gi deg ro»
Han skal bevare deg fra alt ondt,
gi deg styrke når du er svak
Tross ditt svik, dine nederlag
er hans nåde ny hver dag, ny hver dag

Herren velsigne deg og bevare deg.
Herren la sitt ansikt lyse over deg
og være deg nådig
Herren løfte sitt åsyn på deg og gi deg fred